



Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Anniken Friis, 5557 2313

## Høring av detaljplan for miljø og landskap - Jarlshaug kraftverk – Samnanger

---

**NVE bør påleggje utbyggjar å vurdere planar for vegbygging ut frå krav om å nytte miljøforsvarlege teknikkar, jf. naturmangfaldlova § 12. Det bør installerast loggar for å måle eventuell gassovermetting i utløpsvatnet.**

---

Fylkesmannen viser til høring av detaljplan for Jarlshaug kraftverk.

### Bakgrunn

Jarlandselva er ei sideelv til Eikjedalselva som vart verna i Verneplan III for vassdrag. I høringa rådde Fylkesmannen frå utbygging for å sikre heilskapen i det verna vassdraget. NVE viste til at verneverdien var knytt til friluftinteressene på Kvamskogen og Fossen Bratte, og anlegget difor kunne få konsesjon utan konflikt med vassressurslova § 35, post 5 og 8, jf. vedtak av 03.07.2015.

Vassvegen er planlagt som nedgrave røyrgate på 1115 m. I følgje søknaden skulle det ikkje vere trong for nye permanente vegar, og midlertidige anleggsvegar skulle følgje røyrtraseane der det ikkje er eksisterande skogsveg. Kraftstasjonen skulle ha forbislippingsventil.

Dei nedste 30-50 m av Jarlandselva er anadromt, fram til naturleg hinder i eit fossefall oppstrøms kulpen der kraftstasjonen er plassert. I vilkåra går det fram at inntaket skal utformast slik at ein unngår gassovermetting, og kraftstasjonen skal utformast slik at fiskekulpen «blir minst mulig berørt».

Det er naturverdiar knytt til fosseenger og fosseberg langs elva. Då røyrkata ligg eit stykke unna sjølve elveleiet, vil ikkje inngrepa knytt til utbygginga påverke vassdragstilknytt raudlisearter og naturtypar, anna enn ved sjølve inntaket. NVE viste til at det vil vere god vassdekning også etter utbygginga, jf. krav om minstevassføring på 250 l/s og resttilsig på 230 l/s saman med avgrensa slukeevne i kraftverket.

### Detaljplan

---

E-postadresse:  
[fmvlpost@fylkesmannen.no](mailto:fmvlpost@fylkesmannen.no)  
Sikker melding:  
[www.fylkesmannen.no/melding](http://www.fylkesmannen.no/melding)

Postadresse:  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Besøksadresse:  
Njøsavegen 2, Leikanger  
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen  
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00  
[www.fylkesmannen.no/vl](http://www.fylkesmannen.no/vl)  
Org.nr. 974 760 665



I utkast til detaljplan for miljø og landskap er inntakspunktet for røyrgata flytta frå kote 264 til kote 262. Dette er gjort av omsyn til kulturminne, i samarbeid med fylkeskommunen. Det er no planlagt 130 m ny permanent veg langs elva fram til inntaket. Planen har inga nærare grunngeving for dette, ut over at det er «naudsynt» med permanent veg etter at inntaket vart flytta.

Alle midlertidige vegar skal ifølgje planen tilbakestillast til si opphavleg tilstand, eller «sett i stand etter avtale med grunneigarar».

### **Fylkesmannens merknader**

Fylkesmannen viser til at Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag ikkje er sett til side sjølv om det er gitt konsesjon til kraftutbygging. Overordna nasjonale mål må leggje føringar på detaljplanlegginga der det er relevant. Dette gjeld ikkje minst innanfor verkeområdet for det verna vassdraget, dvs. vassdragsbeltet og eit område på inntil 100 m breidde langs elva. Fylkesmannen meiner at omsyn til landskap tilseier at ein bør avgrense tekniske inngrep i størst mogleg grad.

Vidare skal vegbygging knytt til ei konsesjonsgitt utbygging ikkje vere meir omfattande enn det som er nødvendig for å gjennomføre tiltaket, jf. naturmangfaldlova § 12. Fylkesmannen legg til grunn at alle midlertidige vegar blir fjerna. Detaljplanen må ikkje opne for bygging av permanente vegar innanfor vassdragsbeltet utan at dette er grunngeve.

Fylkesmannen legg til grunn at omløpsventil vert installert i kraftverket. Vi meiner det bør installerast loggar som måler eventuell gassovermetting i utløpsvatnet. Dette er nødvendig for å dokumentere at det ikkje skjer skade på fisk, jf. konsesjonsvilkåra.

Vi gjer merksam på at Fylkesmannen arbeider med å starte opp eit reetableringsprosjekt for laks i Samnangervassdraget.

Med helsing

Eline Orheim  
seksjonssjef

Anniken Friis  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune

Samnanger kommune

Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag

Postboks 7900

Tyssevegen 217

Tverrgt. 4/6

5020

5650

5017

BERGEN

TYSSE

BERGEN